




Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Nr. 1 - 2007

Inge Sørheim er tilsett som ny sokneprest i Osterøy
med ansvar for Hamre og Hosangar kyrkjesokn.

Foto: Rune Solberg

L E I A R

ved
Olav Meltvik

Kvar dag er ei sjeldan gåve

Godt nyttår ! Sjølv om året no alt er mange veker ute det nye året vil me senda dette ynsket til våre lesarar.

Og om me er i eit nytt år går dagane sin vande gong. Jobb og fritid er vel mykje som før. Di eldre eg vert tykkjer eg at åra går fortare og fortare. Likevel, ved starten av eit år ligg det mange ubrukte timar og dagar framfor oss. Mange hev sin jobb å ivareta, og faste rutinar for fritida. Dei unge hev skule og det som det medfører.

Me som er pensjonistar står litt friare kva me vil bruka dagane til.

*"Hver dag er en sjelden gave, En skinnende mulighet. Hver dag er på
ny en nåde, som stiger fra himlen ned",
står det i ein song av Mads Nielsen.*

Det er viktig å ta vare på dagane, og det er viktig å ta vare på kvarandre, visa at me hev omsorg for kvarandre. Dette hev eg av og til dårleg samvit for. Eg kunne sikkert bruka meir tid på å gå innom til nokon, eller i det minste ringt til dei. Tid til å stogga og prata litt når ein møter nokon trur eg og er viktig. Mange er einsame og dagane vert lange. Me for vår del likar godt å få uventa besøk. Men no er det vorte slik at me må ha eit ærend for å ringja på hjå nokon.

Me hev eit dikt på baksida i dag som heiter : " Vi treng einannan ." Dette kan og gjeva oss litt å tenkja på..

Til slutt vil eg sitera andre verset av songen eg nemnde tidlegare :

Hver dag er igjen et ansvar, et stort og alvorlig krav.
Hver aften står hvite stjerner og spør deg om hva du gav.

Bladpengar

Redaksjonen vil takka alle som sendte bladpengar og gåver på giroen som låg inni siste nr. av bladet. Det er bladpengar og gåver son er einaste inntektskjel-
da for «Kyrkjehelsing», som vert sendt ut til alle husstandar i Osterøy. Utlegg til trykking og porto aukar, så me vonar på framleis velvilje hjå ostringane. Send gjerne inn meldingar og stoff til redaksjonen. Dei det ikkje høvde for å betala no får ein ny sjanse når me legg inn ny giro i sumarnummeret. Innbe-
talingane hev minka litt i seinare tid, og dette kan føre til at me lyt vurdera å minka sidetalet og/eller bruke dårlegare papirkvalitet.

Korleis kom du til tru?

v/sokneprest Inge Sørheim

For eit års tid sidan hadde avisa Vårt Land ei større reportasje der dei spurde mange ulike menneske korleis dei kom til tru. Journalisten hadde vore på gudsteneste i Oslo domkirke, og hadde spurt mange av dei som var tilstades. Alle som vart spurde hadde si historie. Nokre hadde alltid vore kristne. Nokre kunne peike på særskilde opplevingar som gjorde at dei kom til tru. Andre hadde mist trua si, men funne tilbake til henne. Ein sa noko om at han hadde oppdaga at det var noko som var viktigare enn alt anna, og det var trua. Utan å tru, så hadde ikkje livet noko mening.

Når vi les i Bibelen, finn vi også mange historiar om korleis folk kom til tru. I møte med Jesus var det mange menneske som trudde, anten dei såg at Jesus gjorde teikn, møtte Jesus i samtale eller hørde når han talde.

I Johannes-evangeliet, kapittel 1, vers 7 står det: «Jesus kom for å vitna. Han skulle vitna om lyset, så alle kunne koma til tru ved han. Jesus kom til oss fordi vi skulle tru på han. Han kom for å gi oss håp og trøyst.»

Lesarane av Kyrrkjehelsing har nok alle si historie, om tru, vantru, om tiltru. Men vi skal alle vita at Jesus ønskjer at vi skal koma til tru! Han som er vegen, sanninga og livet gjev oss svaret på kva som er viktigast av alt, kva som gjer at vi kan leggja frå oss dei bøkene vi ber på:

«Lat ikkje hjarta dykkar uroast! Tru på Gud, og tru på meg! I huset åt Far min er det mange rom. Var det ikkje så, hadde eg sagt dykk det. For eg går bort og vil stella til ein stad åt dykk. Og når eg har gått bort og stelt ein stad åt dykk, kjem eg att og tek dykk ttil meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen.» (Joh 14,1-6)

Vi er i fasttettida no. Denne tida kan gjerne nyttast til å reflektere over trua vår. Tenke over kvifor vi trur, eller kvifor det er vanskeleg å tru. Så kan vi prøve å sleppa Jesus inn, han som vil at vi skal tru på han, han som gjekk i døden for vår skuld og til vår frelse.

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE, RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-fre: 08.00 – 15.00

Vinter: Man-fre: 08.00 – 15.30

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax, 56 19 22 81

Mail: kyrkje@osteroy.kommune.no

Direkte innval:

Helge Kolstad 56 19 22 72

Ruth Hauge 56 19 22 71

Johannes Melve 56 19 22 82

Inge Sørheim 90 62 00 46

Liv Skoglund 56 19 22 84

Kåre Rivenes 56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. Tlf. 56 39 00 11, Haus

Sokneprest Inge Sørheim

Priv. Tlf. 90 62 00 46

Kyrkjemusikk

Kantor Kåre Rivenes

Priv. Tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. Tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellelsråd

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus: Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing, redaksjonsnemnd:

Redaktør: Olav Meltvik

Tlf./fax 56 39 52 27

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Nyepresten innsett til teneste i Osterøy, med hovudansvar for Hamre og Hosanger

Foto: Rune Solberg

Hamrekyrkja var tett på fullsett ved innsetjingsgudstenesta søndag 21. januar.

Soknerådsleiar i Hamresokna, Tove Klepsvik, las opp kallsbrevet frå biskopen, og prost Helge Hiltland føretok innsetjinga og gav nyepresten Inge Sørheim ei velkomsthelsing. Han tala ut frå Peters første brev og sa m.a. Nådens Gud skal utrusta deg og syte for at du strekk til. All nådes Gud, han som har kalla deg vil utrusta deg.

Du kjem til kyrkjelydar med mange mogelegheiter. Du vil møte menneske i gledelege situasjonar, men og i sorg. Ver venleg mot dei du møter, vær modig og sterk i tenesta i Herrens hus.

Så fekk me høyra Sørheim si første preike i Osterøy prestegjeld. Teksten var om bryllaupet i Kanan der dei slapp opp for vin. Her gjorde Jesus sitt første under då han gjorde vatn til vin. Me skal ikkje referera preika her, men siterar prosten sin kommentar "Ei fabelaktig flott preik".

Etter gudstenesta var det mottaking med enkel servering på Hamre skule. Hjellvik barnegospel song friskt og inspirert.

Ordførar Kari Aakre sa at det var kjekt å få ynskja nyepresten og hans familie velkomne til Osterøy. Ostringane er vel eit gjennomsnitt av Norges befolkning. Ho ynskte at dei måtte få mange gode dagar her, og mange gode medhjelparar. Glad for at biskopen hev valt deg Sørheim, sa ordføraren.

Leiar i kyrkjeleg fellelsråd Roger Breivik ynskte og velkommen, og oppfordra alle til å be for presten. Me kravde å få ein ung prest, og det fekk me. Han vona at Sørheim vil få god kontakt med ungdommane. Han vona og at Sørheim og familien hans ville finna seg til rette på Osterøy

Soknerådsleiarane i Hamre og i Hosanger, Tove Klepsvik og Katja Litland hadde og velkomstord, og dei overrekte bøker om Hamre kyrkja og om Hosangerkyrkja. Kristoffer Foldøy fortalde litt om kyrkjene og om prestar som hadde vore her.

Inge Sørheim takka for ein flott velkomst, ei god oppleving å koma til Osterøy. Gleder seg til å jobba her.

Osterøy kyrkjekor deltok både i kyrkja og på mottakinga på skulen, og det er alltid ei god oppleving å få høyra dei.



Redaksjonen i "Kyrkjehelsing" vil og få ynskja sokneprest Inge Sørheim med familie velkomne til Osterøy. I eit seinare nummer vil me ha eit intervju med Sørheim.

Fotlandsvåg søndagsskule

Etter å ha lege nede i ein del år, starta Fotlandsvåg søndagsskule opp att seinhaustes 2005 med Solfrid T. Bardsley som leiar.

- 11. mars
- 15. april
- 13. mai

Ein gong i månaden møtest me til samling i Fotlandsvåg bedehus. Målet er å kunna ha samlingar litt oftare, men det har me førebels ikkje greidd å få til.

Søndagsskulen er for born frå 4 år og oppover, og til vanleg er det mellom 11 og 14 born som møter opp. Det er kjekt å sjå dei blide og nøgde borna som møter til søndagsskulesamling, og me vil gjerne ha fleire med oss.

Samlingane varer ein klokke, frå kl. 11.00 til kl. 12.00, og foreldra er hjarteleg velkomne til å vera med.

Denne timen vert brukt til ulike aktivitetar, men bibelforteljingar og songar i tilknyting til desse er alltid med. Elles varierer programmet mellom lek, formingsaktivitet og stundom vert det også litt å bita i.

Datoane som er sett opp for søndagsskulesamlingar denne våren er :

Den 6. januar 2007 laga søndagsskuleforeldra på eige initiativ til julefest for heile bygda. Det var eit tiltak dei fekk mykje ros for, og det gode frammøtet vitna om at dette var noko sambygdingane sette pris på. Kanskje kan dette verta ein tradisjon i åra framover ?

På julefesten framførte søndagsskuleborna nokre songar, og biletet nedanfor er teke då.

Takk til foreldre som sender borna på søndagsskulen. De gjev borna dykkar det beste grunnlag for resten av livet. Så ynskjer me gamle og nye medlemmer velkomne til søndagsskulesamling. Sjå etter plakaten og ta gjerne kontakt på telefon 56395295 dersom du lurar på noko.

Solfrid T. Bardsley

Fotlandsvåg søndagsskule med Solfrid Bardsley som leiar. Biletet er frå julefesten 6. januar i Fotlandsvåg bedehus der omlag 80 store og små var samla.



Johannes Presttun – bonde og kyrkjetenar

Det er ein våt og kald januardag, og grå skyer heng langt ned gjennom liene i Vedåfjellet. Det sluddar så pass at bakkane rundt husa på Presttun kvitnar. Johannes sjølv kjem og let opp då eg trykker på ringjeklokka. Han ser kvikk ut og lett på foten for å vera i sitt 94. år der han går føre meg inn i stova.

Johannes Presttun har eit allsidig arbeidsliv å sjå tilbake på. Og eg skulle tru at han har tid til å sjå litt tilbake no; men det er ikkje mange månadene sidan eg såg han på AEBI-traktoren i arbeid med ved.

Johannes var odelsgut og tok over farsgarden. Men sjølv om garden ikkje er av dei minste i bygda, var det trong for å tena nokre kroner utanfor garden mellom onnene både før og etter at han overtok. Det vart brukt lite kunstgjødning, og avlinga vart deretter. Når dei så gjerne ville ha så mange kyr som råd, vart foringa gjerne for ring. Då den økonomiske depresjonen var på sitt verste i 1930-åra, fekk ein bonde 10 øre literen for mjølka. Når ei ku mjølka om lag 1000 l for året på den tida, og ein hadde 7 kyr på garden, seier det seg sjølv at buskapen gav lite av seg. Ein vinter var han i Årdal og arbeidde i tunnelen til kraftverket som skulle skaffa straum til aluminiumsverket. Dette var før han overtok garden. Elles arbeidde han både i smia i Bruaneset og hjå Jacobsen i Flatevad når han slapp frå heime. Han arbeidde og på husegrunnar og meir førefallande arbeid.

–Men så hadde eg ei kone som var minst like interessert i garden som eg, seier Johannes. Det var nok ein grunn til at han slapp så mykje ifrå heime.

–Kva tid begynte du å arbeida ved kyrkja?


–Då eg var 15 år gammal, i 1928, kom eg inn som hjelp for Olav Gjerstad. Arbeidet mitt var å ringja og å leggja i omnane. Det var far til Olav, Konrad Gjerstad, som hadde hatt dette arbeidet før, men han døyddet dette året. Olav var og gravar og hadde arbeidet på kyrkjegarden. Det var i den tida dei hadde kistene ståande heime til gravferdsdagen. Før det vart vanleg med bilskyss av prestane, møtte ikkje dei opp gravferdsdagen. Kistene vart

borne rett på kyrkjegarden og sette ned i grava, og grava vart attleten. Og så føretok presten jordfestinga etter første gudstenesta etter at kista var sett ned. Dei hadde sett ein påle ned på kista då dei grov molda på. Denne vart teken opp ved jordfestinga, og presten sleppte dei tre spadane med mold ned gjennom holet etter pålen.

Når folk kom med kista på den tida, skulle dei stansa i nærleiken av kyrkja og venta til klokkene tok til å ringja før dei gjekk heilt inn på kyrkjegarden. Det var på bestemte plassar dei stoppa alt etter kva ætt fylgjet kom frå: På Leitet bortanfor husa til Johannes, på Skohaugen (som no er vekke), ved husa til Ingvald Gjerstad og ved leet i Hovda-vegen. Ein gong såg Klara, kona til Johannes, at eit gravferdsfylgje stod lenge og venta på Skohaugen. Ho så det til Johannes, og han sprang bort på kyrkjegarden for å sjå kvar det hadde vorte av han som skulle ringja. Jau, der stod han Olav i ei grav og grov så sveitten dreiv av han. Jordveggene på grava hadde rast saman etter at ho var oppgraven, og no måtte gravaren reinska ho opp før kista kunne setjast ned. –Spring opp og ring, ropte han då Johannes kom. Og Johannes opp og ringde medan Olav hivde opp dei siste spade-taka med mold før gravferdsfylgjet nådde fram.

Ein gong etter 1960 tok Johannes over gravinga. Det var ofte hardt å grava om vinteren. Då han grov dei første gravene, var det nære på ein meter med tele. Han stod med kile og sleggje og braut opp klumpar. Då lurte han på om han orka å halda fram som gravar. Omkring 1970 fekk dei tineapparat som dei la på bakken og tinte opp jorda med, før dei grov. Då vart det mest betre å grava i frost enn om sommaren, for veggene heldt betre når det var klake i jorda.

Etter kvart overtok Klara og Johannes arbeidet med å setja opp gravsteinar og slå. Dei hadde og arbeidet inne i kyrkja med reingjering og med tinging av blomar og pynting av kistene før gravferder. Det siste var det Klara som balte med. Det kom ofte folk på døra og skulle ha hjelp til å låsa opp og få kista inn.



Tekst: Øyvind Vevle
Foto: Rune Solberg

Den første tida han ringde med kyrkjeklokkene, skulle han ringja kl. 10 før gudstenesta, så når dei såg presten kom inne i vegen og til slutt 5 minuttar før gudstenesta begynte. Etter at presten kom med bil, vart dette vanskeleg å passa på, og det vart mykje feilringing. Dei trudde dei såg preste bilen, men så var det ein annan dei "ringde inn". Då gjekk dei over til å sløyfa ringinga når presten kom, og ringde i staden kl. 10.30. Og slik har det vore sidan.

Tidlegare var det alltid 3 medhjelparar ved kyrkja. Dei skulle hjelpe presten med ein del praktiske ting under gudstenesta, som t. d. på og av med messehakelen og assistera ved dåp og nattverd. Johannes hugsar at dei og gjekk ut og tok imot presten når han kom til kyrkja.

Johannes sin næraste overordna var kyrkjevevja. Før me fekk fast tilsett verje, vart han vald av soknerådet for ein bestemt periode. Det heitte seg at kyrkjevevja skulle måla opp plassen til kvar grav etter kartet over kyrkjegarden, men i praksis var det Johannes som gjorde det.

Det gjekk lenge før dei fekk innlagt vatn i kyrkja. Før det måtte dei henta dåpsvatn i elva og bera det

inn til Rasmus Gjerstad og få verma det på omnen før dei bar det inn i kyrkja.

-Korleis var løns- og arbeidstilhøva?

-Dei første 8 åra var eg leigd av Olav Gjerstad for å hjelpe han, og det var han som betalte meg. Eg fekk ei krone dagen. Seinare vart eg tilsett og fekk litt fast løn. Ved kommunedelinga i 1964 vart det ei ny ordning. Då fekk eg fast løn for ein del av arbeidet, og noko var på timar, t.d. slåttarbeidet på kyrkjegarden.

Ekteparet Klara og Johannes Presttun har lagt ned mykje av arbeidskrafta si ved Gjerstad kyrkja. Og dei opplevde at det vart mange endringar i arbeidet deira. Men så vart det og ein lang periode for Johannes. Då han slutta litt før 1990, var det 60 år sidan han tok til som hjelp med ringing og fyring i omnane. Men han hadde ein pause frå slutten av 30-åra til først i 50-åra, så det vart om lag 40 år i kyrkja si teneste.



Velkommen til kyrkja

4.mars

Bruvik kl. 11.00.

Hamre kl. 19.00

2.sundag i faste. 1.Mos.32,24-30.

Høgmesse. Inge Sørheim. Utdeling av bok til 6åringane. Takkoffer til Bibel-misjonen.

Kveldsgudsteneste. Sørheim. Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

11.mars

Haus kl.11.00

Gjerstad kl.17.00

3.sundag i faste.Luk.11,14-28.

Familiemesse. Melve. Utdeling av bok til 6åringane. Avslutning for dåpsskulen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Kyrjekaffi/-saft. Årsmøte/soknemøte etter gudstenesta.

Gudsteneste. Sørheim. Dåp. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

18.mars

Hosanger kl.11.00

4.sundag i faste. Joh.6,1-15.

Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte/soknemøte etter gudstenesta.

25.mars

Hamre kl.11.00.

Maria bodskapsdag. Luk.1,39-45.

Høgmesse. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til IKO - Kyrkjeleg pedagogisk senter. Årsmøte/soknemøte etter gudstenesta.

1.april

Gjerstad kl.11.00.

Palmesundag. Joh.12,1-13.

Familiemesse. Melve. Nattverd. Avslutning for dåpsskulen. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin søndagsskulekrins. Soknemøte/ årsmøte etter gudstenesta

5.april

Osterøytunet kl.11.00

Bruvik kl.17.30.

Hosanger kl.19.00.

Haus kl.20.00.

Skjærtorsdag. Matt.26,17-29.

Gudsteneste. Sørheim. Nattverd.

Gudsteneste. Melve. Nattverd. Årsmøte/soknemøte etter gudstenesta.

Gudsteneste. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.

Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.

6.april

Haus kl.11.00.

Hamre kl.11.00.

Langfredag. Luk.22,39-23,46.

Pasjonsgudsteneste. Melve.

Pasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep

7.april

Hamre kl.23.00

Påskeaften.Mark.16,1-8.

Påskennattsmesse. Sørheim. Melve. Nattverd.

8.april

Gjerstad kl.11.00.

Påskedag. Matt.28,1-8.

Høgtidsgudsteneste. Melve. Sørheim. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Normisjon

Takk.

Bibeldagen vart markert søndag 4.februar med fellesmøte i Sion. Til bibeldagsprosjektet i år som er hjelp til bibelspreiing i Kviterussland og Ukraina, vart det gjeve kr. 6.037,-.

Hjarteleg takk for gåva i samband med Ingeborg Sandals gravferd

Hamre sokneråd vil takke hjarteleg for gåva på kr. 3140,- som vi har motteke i samband med Ingeborg Sandal si gravferd.

Me skal gjere vårt beste for å bruke midlane på ein måte som vi trur ville gledd henne. Igjen hjartans takk!

Med vennleg helsing Hamre sokneråd
Åge Clausen
Kasserar

Soknepresten har ordet

Tal og menneske


Statistikk seier ikkje alt. Når året er omme, skal det setjast opp kyrkjeleg statistikk òg. Det er ikkje veret og folketalet som vert talt. På kvar gudsteneste skal det først statistikk, slik at det er råd å telja saman når året er ute. Ordninga med kyrkjedagbok kom i 1984, om eg hugsar rett. Før den tid førte prestane dagsregister over tenestene. Då vart det slutt på å føra dagsregister, men det kom altså ei bok som all aktivitet i kyrkja skal først inn i. Ofte fører klokkaren denne boka.

Når tala for 2006 viser oppgang for gudstenestedeltakarar, så er

det gledeleg. Talet på nattverdsgjester viser også auke. Dette er trass i at talet på gudstenester er lågare enn året før. For dei kyrkjelege handlingane vil tala svinga noko frå år til år.

14,022 personar har vore til gudsteneste i kyrkjene på Osterøy i 2006. Det vil seia at kvar innbyggjar har vore to gonger i kyrkja på eitt år. Nokon har vore mange gonger, og nokon har aldri vore til kyrkjes. (Gravferd og vigslar er ikkje med) Tal seier ikkje alt. Men tala fortel om menneske som har funne sin plass i kyrkja.

Har du funne din plass? Dei fleste sundagane er det plass til



fleire. **Den glade budskapen** der det sentrale i kyrkja. Han er for deg ! Me har ein god grunn til å samlast når det er ein så god budskap som ligg til grunn. Me har plass til deg òg.

Johannes Melve

P.s. For ettertida kjem sokneprest Inge Sørheim og eg til å bytast å skriva denne spalta.



Bruvik

Døpte:

03.09.06 Amalie Nithoer Hustrulid (Retting)

Gravlagde:

22.11.06 Christoffer Elias Høylo Glesnes (f.2006)

29.12.06 Laura Henriksen (f.1914)

Haus

Døpte:

04.02. Vegard Høylo Trefall
04.02. Emilie Mjelde Holsen
04.02. Leander Hetlevik Bøe

Gravlagde:

24.11.06 Borgny Hervik Mjelde (f.1931)

Gjerstad

Døpte:

03.12.06 Eric Myking

03.12.06 Olav Småland

03.12.06 Elias Vedå Mjelde

28.01.07 Dagfinn Gjerstad

11.02.07 Emilie Hagenes Flatås

Gravlagde:

04.01.07 Aslaug Hjørdis Flokenes (f.1915)

05.01.07 Othelia Nøttveit (f.1917)

Hamre

Døpte:

26.11.06 Sunniva Birkeland

10.12.06 Lene Hopland

10.12.06 Joakim Børtveit Elvik

25.12.06 Torbjørn Nesthus Liabø

11.02.07 Maria Alvilda Tveiterås

11.02.07 Sander Solberg Lund

Vigde:

03.02. Toini Vyvial og Steinar Hjellestad

Gravlagde:

15.12.06 Kari Flesland (f.1915)

28.12.06 Oddny Olsdatter Hopland (f.1915)

18.01.07 Anna Bertine Sleire (f.1913)

09.02.07 Ingeborg Raknes (f.1915)

15.02.07 Karl Tepstad (f.1917)

Bisett:

26.01.07 Ingeborg Sandal (f.1920)

Hosanger

Døpte:

12.11.06 Victoria Holme Tysse

03.12.06 Hanne Engstrøm

31.12.06 Hannah Vonheim Olaisen

04.02.07 Margrethe Sørheim

04.02.07 Carstein Nesheim

04.02.07 Brynjar Bernes

Drageide

Gravlagde:

09.01.07 Peder Indahl (f.1925)

Sal av minneplatter frå fire kyrkjer på Osterøy

For ca. 20 år sidan, fekk Osterøy Lions Club lagd minneplatter med Osterøy-motiv på. Mellom anna var det teikningar av alle kyrkjene på Osterøy.

Lions har eit lite restlager att av desse plattene, og interessert i å få selt desse ut til ein billeg penge.

Kyrjekontoret kombinerer dette ved at vi treng økonomiske midlar til fullgodt brannanlegg i Hamre kyrkje. Vi sel ut desse plattene frå kyrjekontoret for kr.150,- og halve beløpet går til brannsikring av Hamre kyrkje. (Sjå om dette prosjektet under kyrkjevevja informerer.)

Vi har igjen :

Hosanger kyrkje 25 platter

Gjerstad kyrkje 12 platter

Haus kyrkje 9 platter

Bruvik kyrkje 12 platter. Kom innom kyrjekontoret og kjøp ein verdifull Osterøygjenstand.

Den som kjem først til mølla



Innleveringsfrist

neste nr. er:

10. mars

Stoff kan sendast til:

Olav Meltvik

5284 Tyssebotn

Ved julekonserten Fot-landsvåg musikklag heldt i samarbeid med Hosanger sokneråd 19. desember, kom det inn kr. 9850,- til Kirkens Nødhjelp.

Kyrkehelsing:

Kyrkehelsing har kome ut med 5 nr. dette året. 3 utgåver om våren og 2 utgåver om hausten. Olav Meltvik gjer ei stor innsats som hovudansvarleg for Kyrkehelsing, og vi er stor takk skuldig for hans påpasselege og grundige arbeid som redaktør. I redaksjonsnemnda sit elles Johannes Melve, Elna Mjelstad og Øyvind Vevle. ++++++

Ein saknar stendig lokalt stoff frå kyrkjelydane.

Salmar frå skattkista

I siste nummer var det Magnhild Vonheim som vart utfordra. Her hev ho valt sin salme :

Det er ikkje lett å velja seg ut ein salme frå den rike salmeskatten vår.

Salmane kan fylgja oss gjennom heile livet både i glede og sorg, og me har salmar som høver til alle søndagar og høgtider i kyrkjeåret.

Det er ei flott kjelde å ausa av. Likevel vil eg velja ein salme av Elias Blix som betyr noko spesielt for meg. Eg vil gå tilbake til ei hending i slutten av 1950 åra. Eg var omlag 12 – 13 år.

Frekhaug ungdomsskule (eller Nordhordland Folkehøgskule, som dei heiter no) var på "turne" med elevflokken. Dei kom til heimbygda mi, Fotlandsvåg, og der hadde dei møte i Grendahuset, det største lokalet i bygda. Eg hugsar ikkje så mykje av det som vart sagt, men då den store ungdomsflokken stilte opp og song firstemt "Med Jesus vil eg fara på livsens fred i lag" på "frekhaug-tonen" gjorde det eit sterkt inntrykk på meg. Den dagen fekk eg eit kall til å fylgja Jesus gjennom livet. Ei tid etter fekk eg seia ja til Jesus og av nåde ta imot Jesus som min frelsar. Salmen har fylgt meg sidan og eg er glad for å gjera strofa i det første verset til mi : "Det er mi høgste æra, det er mi største ros, hans fylgjesvein å vera og vandra i hans ljøs".

Elias Blix skreiv salmen i 1875. Den står på nr. 418 i salmeboka.

Eg utfordrar Marit Tysse til å velja salme neste gong.

*Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara
alt til min døyand dag.*

*Det er mi høgste æra,
det er mi største ros,
han fylgjesvein å vera
og vandra i hans ljøs.*

*Min Jesus, sannings stjerna,
lys opp min mørke veg !
Mitt hjarta vil så gjerna
få fylgja etter deg.*

*Du lyser enn i verdi
som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljøs på ferdi,
til heim til deg eg kjem !*

*Min Jesus gjevast givnad,
min eignalut og skatt !
I all min gang og livnad
meg støtt for auga statt !
Som vesle blomen trugen*


*ser opp mot sol og dag,
til deg så vender hugen,
til deg kvar andedrag.*

*Min Jesus, Sarons lilja,
bløm fagert opp i meg !
Lat ingen ting meg skilja
og riva bort frå deg !
Du vintre i Guds hage,
min kjære Herre Krist,
unn også meg den lage
å veksa som din kvist !*

*Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vätte,
gav sol og signa år.
Du vil og vokster gjeva
alt til min siste slutt :
lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut!*

Kyrkjeverja informerer

v/ kyrkjeverje Helge Kolstad



Gudstenesteplan for Osterøy

Det vert i desse dagar arbeidd med ein gudstenesteplan for Osterøy, som skal til handsaming i dei einskilde sokneråds årsmøter i løpet av våren. Bakgrunnen for ny gudstenesteplan er to forhold.

- På grunn av nedskjeringar av aktiviteten i fellesrådet grunna økonomiske tilhøve, har Kyrkjeleg fellesråd redusert antall gudstenester med litt over 10 % samanlikna med tala for 2005.
- I februar 2006 var det bispevisitas i Osterøy prestegjeld. I si oppsummering etter visitasen sa biskopen at vi burde søkja å feire fleire gudstenester saman for heile prestegjeldet og i nokon grad leggje gudstenestene saman for Haus og Bruvik.

I 2005 vart det feira 133 gudstenester på Osterøy. I den nye planen vert talet redusert til 116,

I det forslaget som vert sendt ut til sokneråda, er det forslag om fellesgudstenester på følgjande helge og høgtidsdagar : søndag i advent, 2.juledag, nyttårsaftan, palmesøndag, påskenatt, helgetorsdag, 2. pinsedag og helgemesse.

Desse fellesgudstenestene er fordelt javnt mellom våre 5 kyrkjer.

Antall gudstenester i kvart sokn vert etter dette :

Bruvik . 16 gudstenester

Haus : 24 gudstenester

Gjerstad 32 gudstenester

Hosanger 22 gudstenester

Hamre 22 gudstenester

Fellesgudstenestene er med i desse tala.

Antall gudstenester hausten 2006 og våren 2007 er tilpassa dei tala som står ovanfor.

Hamre kyrkje

Takvøle :

På møtet i Kyrkjeleg fellesråd 12. desember vart det vedteke at takvøle skal starte etter at konfirmasjonen er over i byrjinga av mai 2007. Arbeidet skal utførast av byggmeister Rune Revheim.

Vi tek sikte på at arbeidet er gjort i løpet av sumaren.

Fullgod brannsikring :

Kyrkjeleg fellesråd har også gjort vedtak om at vi skal få på plass fullgodt brannsikringsanlegg i Hamre kyrkje. Vi har i dag brannvarsling, men vi ynskjer også sprinkel og tåkeanlegg i Hamre kyrkje. Dette vert eit svært økonomisk lyft for fellesrådet. Vi reknar med at eit fullgodt sløk-
kjeanlegg vil koste oss kr. 2.200.000 og vi har i dag fått tilsagn om kr. 1.600.000 og såleis manglar vi kr. 600.000. Vi har lovnad om ein mill. kr. frå stiftelsen Uni. Osterøy kommune har løyvd 200.000 kr. og Riksantikvaren det same beløp. Det er sett ned ei lokal nemnd frå Hamre sokneråd som saman med kyrkjeverja skal arbeide for å få på plass det vi manglar i løpet av året slik at vi kan sikra Hamre kyrkje for våre etterkomarar. Vi tar svært gjerne i mot små og store gaver til føremålet.

Vår konto for brannsikring av Hamre kyrkje er : 3626.44.00656.

Festeavgifter for graver

I føresegnene for gravplassane på Osterøy er det reglar om at ei grav er frigrav i 30 år. I denne fredingstida kan det ikkje gjerast noko med grava og det skal heller ikkje betalast noko avgift for grava.

I gravferdslova paragraf 14 står det at når fredingstida er slutt, kan det gjerast avtale om vidare feste av grava. Ved slikt feste kan det krevjast avgift. Osterøy kyrkjeleg fellesråd har vedteke at ved feste etter fredingstida er slutt, er avgifta kr. 80,- pr. år. I løpet av 2007 vil vi sende varsel om dette til alle som er ansvarshavande for graver på Osterøy. Vi har eit arbeid med å finna fram til rette festar, dette arbeidet pågår kontinuerleg. Vi vil i løpet av februar sende ut melding om gjenfeste for dei som har graver på Haus kyrkjegard. Deretter sender vi ut brev til ansvarshavande på Gjerstad kyrkjegard. Dersom det er spørsmål når det gjeld festeavgifter, kan kyrkjekontoret kontaktast.

Barne- og ungdoms- arbeidaren i Osterøy

I nokre år no har indremisjonslaga på Osterøy fått disponera ein barne- og ungdomsarbeidar som er tilsett i 60 prosent stilling av Nordhordland indremisjon. Ho heiter Anita Solbakk og hadde besteforeldra sine på Raknes. Ho driv barnelag åleine somme stader og hjelper til i andre lag der det er lokale leiarar. Så er ho litt med i "Unge kristne". Oppslutnaden varierar, men somme stader samlar arbeidet ein bra stor flokk.

Dette er eit viktig og krevande arbeid. Sterke krefter er medvitne på å dra borna bort frå Kristus. Ikkje minst underhaldningskulturen ser ein stor marknad i unge menneske, og det er sanneleg ikkje alt som er uskuldig underhaldning. Difor er det meir viktig enn nokon gong å samla dei unge om evangeliet. Det er Jesus som er vegen, sanninga og livet for unge og eldre i dag og.

Føresetnaden for at Osterøy skulle få disponera denne arbeidaren, var at me her på øya greidde å dekkja kostnaden med han. Det har gått så nokolunde på grunn av ein del oppsparte midlar me hadde frå før. Men dei tok slutt, og det er no underbalanse. Me er difor frimodige og spør om det er fleire som er villige til å støtta dette arbeidet. Det kan gjerast anten ved å senda ei gåve på **kontonummer 0540 08 73250** eller ved å melda seg som fast gjevar. Dei som kan tenkja seg det siste, tek kontakt med **Steinar Reigstad, telef.nr. 56 39 47 06**. Det er han som har rekneskapen for denne stillingen.

Ø. V.

JESUSFESTIVAL 1. – 2. september 2007

I år har me lagt Jesusfestivalen på Osterøy til 1 – 2 septeber i Lonevåg sentrum/Hatland. I denne forbindelse samlast me i bønn, siste torsdag i kvar månad t. o. m. august, minus juli månad. Me ynskjer alle våre brødre og søstre velkommen til å delta i bønn for Osterøysamfunnet i Jesu navn. Her er lista over tid og stad :

Bønнемøter for vår/ sumar 2007.

Ansvar	Dato	Stad	Tid
Krist. Fellesskap	22. mars	Bysheim	20.00
Krist Kirken	26. april	Bysheim	20.00
Krist.Fellesskap	31. mai	Bysheim	20.00
Pinsemenighet	28. juni	Bysheim	20.00
Ferie	men	husk	å be.
Krist kirken	30. august	Bysheim	20.00

Arrangør Hovedkomiteen for Jesusfestvalen 2007. Ved Roald Hauge.

Kyrkjestatistikk

TENESTER	BRUVIK	HAUS	GJERSTAD	HAMRE	HOSANGER
GUDSTENESTER	19 (20)	25 (27)	37 (40)	30 (32)	26 (25)
TAL TIL STADES	1198 (1084)	2881 (2387)	4331 (3799)	3310 (3084)	2302 (2183)
NATTV.GJESTER	70 (158)	439 (387)	811 (688)	692 (538)	233 (182)
DØYPTE	5 (3)	18 (7)	15 (14)	17 (25)	15 (20)
VIGDE	2 (1)	1 (1)	4 (3)	5 (5)	3 (1)
KONFIRMERTE	7 (5)	15 (15)	26 (33)	13 (36)	24 (20)
INNMELDE	1 (0)	0 (0)	0 (1)	0 (0)	1 (1)
UTMELDE	0 (1)	3 (0)	3 (4)	2 (7)	3 (8)
OFRINGAR	22495	66980	120971	62210	51126

TOTALT FOR PRESTEGJELDET

GUDSTENESTER	137	(144)
TAL TIL STADES	14022	(12.537)
NATTV.GJESTER	2245	(1953)
DØYPTE	70	(69)
VIGDE	15	(11)
KONFIRMERTE	85	(109)
INNMELDE	2	(2)
UTMELDE	11	(20)
OFRINGAR	323782	(305781)

Tala i parentes er 2005

Tala vil naturleg nokk skifte noko frå år til år, men dette er likevel om lag som vanleg på Osterøy.

Vi vil også nemna at det vanlegvis er svært stort frammøte i gravferdene. Dette vitnar om godt samhald og stor tilknytning til kyrkja på Osterøy.

Forglemmegei – Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2007

I fastetida kjem konfirmentar og andre frivillige frå kyrkjelydane til å banka på dører over heile landet – for å samle inn pengar til menneske som lever i vedvarande humanitære kriser og som treng vern. Også folk frå våre kyrkjelydar deltek i Kirkens Nødhjelp sin aksjon.

Vi er særst glade for støtta fasteaksjonen får gjennom gaver og frivillig innsats år etter år, seier Atle Sommerfeldt, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp til Kyrkjehelsing.

Kirkens Nødhjelp ynskjer å markere sine 60 år som naudhjelps og bistandsorganisasjon i Noreg ved å setja fokus på menneske som lever i oversette kriser. I år er det også 40-års jubileum for Kirkens Nødhjelps aksjon i fastetida, som er ein av Noregs største årlege dør- til- døraksjonar med sine ca. 40.000 bøsseberarar. I fjor nådde fasteaksjonen ny rekord på lands – basis med 29 millionar kroner.

Kirkens Nødhjelp brukar "Forglemmegei" i årets aksjon som ei påminning om at menneske som lever i oversette kriser har rett til å bli sett. Gjennom fasteaksjonen 2007 ber fattige menneske oss om å stå saman med dei i kampen mot strukturar som held menneske nede i naud og fattigdom. Nokre menneske lever med undertrykkjande regime, og andre er offer for klimaendringar som fører med seg øydeleggjande ver som tørke eller flaum.

Fastetida er tid for å lytte til medmenneske, og vise handlekraft mot fattigdom og naud, for verdigheit og nytt liv. La fastetida bli ei tid for ettertanke – og handling – for menneske som lever i kriser som verda overser.

Eg var livredd for å verta skoten. Eller for at eg skulle trakke på ei landmine, seier Saw Noe Noh. Han bur i flyktningleiren Mae La, som ligg nær grensebyen Mae Sot i Nord-

Thailand. 18 år gamal vart han teken til fange og tvinga til å bære tungt militært utstyr for regjeringshæren i Burma. Med jernhard disiplin, slag og spark, jobba dei som slavar. Ein dag greip han og ein kamerat sjansen og sprang. For livet. Vi hadde soldatar i hælane lenge. Eg var livredd, men vi måtte berre fortsetje, fortel Noe Noh, som er ein av til saman 40.000 burmesarar som har søkt tilflukt i Mae La-leiren. Etter fire døgn til fots gjennom jungelen klarte Saw og kameraten å krysse grensa til Thailand. Fire år seinare er han i ferd med å fullføre mekanikarutdanninga si i leiren. Gjennom partnerorganisasjonar har Kirkens Nødhjelp støtta arbeidet for burmesiske flyktningar i Thailand i mange år, og Saw er takksam for tryggleiken og mogelegheitene han har fått. Sjølv om saknet til familien på andre sida av grensa er stort. Eg har det bra her, og er trygg. Men eg skulle ønskje at eg kunne vere saman med familien min og jobbe som mekanikar i landsbyen min. Ein dag skal eg det. Den dagen det blir fred i Burma.

I årets fasteaksjon brukast "Forglemmegei" som ei påminning om at alle menneske har rett til å verta sett. Det er mange som lever som Saw Noe Noh, gløymde menneskelagnader som berre når oss som tal i ein statistikk. Dei har rett til å verta hugsa, både i bevisstheita vår og gjennom våre handlingar.

Av ei befolkning på rundt 50 millionar menneske, er over halvannan million burmesarar på flukt i sitt eige land, medan 150.000 har søkt tilflukt over grensa til Thailand. Militærjuntaen nyttar i stadig aukande grad tortur, valdtekt, tvangsarbeid og myrderier i sin blodige kamp mot sivilbefolkninga. Verdssamfunnet gjer lite eller ingenting for å hjelpe.

Gjennom å støtte fasteaksjonen 2007 kan du bidra til å løfte burmesarane ut av gløymsla og gi dei eit verdig liv.

Ta vel i mot bøsseberarane.

Vi treng einannan

At vi treng einannan her vi
stampar fram på livsvegen,
kvar av oss med år bør.

At vi treng einannan.
Eit møte over hagegjerdet.
Eit ord i forbifarten. Eit
blikk som stoggar opp og
ser.

Vi er så nær einannan at vi
kunne strekt handa fram og
rørt ved kvarandre om vi
turde.

Vi har einannan. Bak ein vegg,
bak ein port. Bak ei maske.
Skal vi våga trø over. Berre
eit ørlite steg og møtast ...

av Bente Bratlund Mæland

Viktig dato : Onsdag 23. Mai !

Karsten Isahcsen kjem til Osterøy Haus kyrkje tysdag 23. mai
kl.19.00.

Han held foredrag over tema om "Livets lyse sider."

Dette ønskjer vi skal bli ein inspirasjonskveld for både tilsette og
frivillige medarbeidarar i kyrkje og andre lag og organisasjonar
og alle andre som har lyst å høyra. Det blir enkel servering i Haus
kyrkjelydshus i etterkant.

Arr. Haus sokneråd.